

Høyringsutkast – vedtekter for kommunale SFO i Voss herad

Bakgrunn for høyringa

Til

Samarbeidsutvala i Voss kommune og Granvin herad, Kommunalavdeling Helse – og omsorg, Tekniske tenester, Kultur og fritid i Voss kommune, Administrasjonen i Granvin herad, Utdanningsforbundet i Voss kommune og Granvin herad, Fagforbundet i Voss kommune og Granvin herad

Delta

I samband med kommunesamanslåinga av Voss og Granvin er det laga framlegg til nye vedtekter for kommunalt drivne SFO i Voss herad. Framlegget er utarbeida av undergruppa SFO som fekk sitt mandat av undergruppa skule.

SFO-gruppa har bestått av SFO-leiarar frå Voss og Granvin og representant frå stab oppvekst Voss. Leiar for gruppa har vore assisterande rektor og ped.ansvarleg for SFO på Granvin barne- og ungdomsskule SFO Solveig Hellesnes Uppheim. Gruppa har hatt fleire møte. Undergruppa skule og kommunalavdeling oppvekst med representant frå Utdanningsforbundet har hatt vedtektene til orientering. Den 27.2. vart vedtektene presentert og diskutert i SFO-forum for SFO-leiarane på Voss og i Granvin.

Framlegg til nye kommunale SFO-vedtekter vart lagt fram for Fellesnemnda 25. januar 2019 med følgjande vedtak: *vedtekter for SFO Voss herad vert sendt ut på høyring jf. Vedlegg. Fellesnemnda ber om at det vert gjort ei kostnadsvurdering av søskenmoderasjon og betalingsfrie plassar i samband med økonomiplan.*

Nye vedtekter skal gjelda frå 1. august 2019. Etter høyringa skal vedtektene til ny politisk behandling i fellesnemnda.

SFO-vedtekter er heimla i *Lov om grunnskolen og den videregående opplæring § 13.7, Skolefritidsordninga og Utdanningsdirektoratet (UDIR) sitt Regelverk for skolefritidsordningen (2015)* er brukt som mal for oppsettet av vedtektene. Innhaldet er for det meste henta frå gjeldande SFO-vedtekter i Voss kommune og Granvin herad. Paragraf 10 (lokale vedtekter) i forslaget er inspirert av Bergen kommune sine SFO-vedtekter.

Merknader til større endringar som er føreslege i høve dagens vedtekter

Fleire av punkta i dei foreslegne vedtektene kan gi varige økonomiske konsekvensar. Administrasjonen ynskjer særleg tilbakemelding frå høyringsinstansane på desse framlegga:

Søknadsfrist endra

Søknadsfristen er sett til 1. mars. Voss har i dag 1. april, 1. mars i Granvin. Me føreslår same søknadsfrist som barnehagane legg opp til. Då blir det ein dato mindre å halda seg til i planlegginga for familieane som både skal ha born i barnehage og SFO. Det vil også gi betre tid til planlegging av ressursbehovet i SFO-ane for det komande året.

Foreldrebetaling

SFO-gruppa har ikkje teke stilling om SFO skal ha andre tilbod utover heil plass, men det er sett av plass for slike tilbod i §6 fordi:

- Det har kome spørsmål frå føresette om det er mogleg å betale halv plass og nytta plassen to veker samanhengande og deretter at barnet har to veker fri. Dette er aktuelt for foreldre som går i «nordsjøturnus». Det er også meld behov for å kunne kjøpa plass annankvar veke for dei som har delt omsorg.
- Søskenmoderasjon er heller ikkje diskutert. Granvin har pr. i dag søskenmoderasjon på 50% frå born nr. to. Bergen kommune gir søskenmoderasjon for familiar med meir enn 2 born i SFO, dei får 25% moderasjon frå barn nr 3.
- Det er diskutert, men ikkje teke med noko i framlegget til vedtekter om ein skal tilby gratis plassar til born med spesielle behov, på bakgrunn av at foreldra har større belastningar og treng avlastning utan at det blir eit økonomisk spørsmål.
- Etter innspel frå integreringstenesta på Voss er det teke med i paragraf 4 (opptakskriterium) at det kan vera behov for SFO-plass for born som vert følgd opp av dei og som av ulike årsaker ikkje kan vera heime åleine.

Administrasjonen ser no på dei ulike moderasjonsforslaga, og ein tek sikte på å få lagt fram ei oversikt over økonomiske konsekvensar for fellesnemda til april møtet.

Opningstider

Det er lagt inn relativt store endringar om opningstider i dette utkastet til vedtekter, i høve til kva som har stått i Granvin og Voss sine vedtekter tidlegare. Dette vil også kunne gi økonomiske konsekvensar.

- Mellom anna er det ikkje lenger skilje mellom daglege opningstider og det som har vore kalla utvida SFO (ferie-SFO). Det er no føreslege at SFO er ope måndag til fredag, 11 månader i året, med unntak av 6 planleggingsdagar og stengt i juli. Forslaget er gjort for å koma moderne familiar i møte og for å vera meir i tråd med barnehagane sine opningstider. Dette føreset at ein vurderer sterkt å laga lokale forskrifter på kvar skule/SFO, slik at ein ikkje risikerer å måtta bemanna alle SFO-ar for alle eventualitetar.
- Det vert foreslått lik opningstid i alle kommunale SFO: 7.30-16-30. Me veit at mange har behov for tidlegare levering for å rekka jobb og det kan også vera utfordrande å rekka SFO som stenger klokka 16.15. Alle tilsette i SFO må ha arbeidsavtalar som ikkje «låser» dei til fri som skuleruta.
- Det laga eit forslag til ny paragraf om lokale vedtekter og kva dei bør innehalda (sjå under her, presisering under opningstider i §8 og forslag til ny §10 i utkastet).

Forslag om ny §10 Lokale vedtekter

- Bergen kommune nyttar lokale vedtekter. Dette vart også diskutert i SFO-gruppa. Erfaring tilseier at det bør vera rom for ulike tilbod på den enkelte SFO fordi det er stor skilnad på storleik og etterspurnad. Difor kan det vera greitt å ha lokale forskrifter, tilpassa lokale tilhøve. Det er lagt inn forslag om lokale vedtekter i §10. Ordlyden er henta frå Bergen kommune sine vedtekter.

Elles er ordlyden kring oppseiing av plass no lik den som står i barnehagevedtektene.

Høringsfrist 15. april 2019.

Med venleg helsing
Voss herad 2020